



Saksframlegg

Klage på avslag til å etablere tette septiktanker gbnr. 43/49 og 43/50

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		03.06.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet som klagenemnd

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om løyve til å tømme tette septiktankar gbnr. 43/49 og 43/50
- 2 Søknad om løyve til å tømme tette septiktankar gbnr. 43/49 og 43/50
- 3 Kommenterar til forhåndsvarsel om pålegg - utarbeiding av reguleringsplan
- 4 Kommenterar til forhåndsvarsel om pålegg - utarbeiding av reguleringsplan
- 5 Sak 2021/1548 - planbestemmelsar
- 6 Ulovleg bygd avløpsanlegg på eigedomane gbnr 43/49, 43/50
- 7 Gravemelding, sanitærmelding og varslingsplan
- 8 Svar på søknad om nullutslepp
- 9 Tette septiktankar gbnr. 43/49 og 43/50
- 10 Ulovleg bygd avløpsanlegg på eigedomane gbnr 43/49, 43/50
- 11 Septiktøming - gbnr. 43/49
- 12 Svar på septiktøming - gbnr. 43/49
- 13 Søknad om godkjenning av tett tank - Gausvatn gbnr. 43/49
- 14 Søknad om godkjenning av tett tank gbnr. 43/49
- 15 Søknad om godkjenning av tett tank gbnr. 43/49
- 16 Svar på søknader om godkjenning av tett tank gbnr. 43/49
- 17 Sender over klage - Fyresdal - 43_49 - Gausvatn - tett tank.pdf
- 18 Klage - byggesak - Fyresdal - 43_49 - Gausvatn - tett tank.pdf
- 19 Etterlysing av svar - gbnr. 43/49
- 20 Vedrørande byggesak gbnr. 43/49 - status og oppfølging
- 21 Tilleggsopplysninger ved eventuell behandling av byggesak gbnr. 43/49

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld avløpsanlegg/tette septiktankar på eigedomane gbnr. 43/49 og 43/50 ved Gausvatn.

Fyresdal kommune har over fleire år følgd opp saka som eit ulovleg etablert avløpsanlegg. Kommunen har lagt til grunn at anlegget er oppført utan nødvendig planavklaring, utsleppsløyve og byggjeløyve.

Allereie i 2017 gjennomførte kommunen befaringsplan på hytta på Gausvatn. I brev av 18.07.2017 vart det vist til at tidlegare godkjent disposisjonsplan for Gausvatn frå 1975 ikkje opna for innlagt

vatn, og at det skulle nyttast biologisk toalett. Kommunen konstaterte ved befaringa at det var lagt opp til innvendig vassforsyning frå felles borebrønn, og at det var grave ned slamavskiljar. Kommunen bad då om at tiltak vart sett i verk for å få samsvar mellom godkjent plan og faktiske installasjonar.

I brev av 11.08.2021 vurderte kommunen avløpsanlegga på gbnr. 43/49 og 43/50 som ulovleg bygde. Kommunen viste til at anlegga ikkje var i samsvar med plan for området, at slike tiltak er søknadspliktige, og at det ikkje var gjeve utsleppsløyve. Kommunen varsla pålegg om fjerning av både innvendige og utvendige installasjonar.

Ved brev frå advokat Tine Larsen av 24.08.2021 vart det på vegne av Runar Olsen bede om at vidare ulovlegheitsoppfølginga vart stansa i påvente av reguleringsplanprosess. Det vart opplyst at Olsen ville utarbeide reguleringsplan for endring av hyttetomtene til å omfatte vatn og septikanlegg.

Kommunen svarte 03.09.2021 at ulovlegheitsoppfølginga vart stansa på grunn av oppstart av reguleringsplanprosess. Samstundes vart det presisert at dersom reguleringsplanforslag ikkje låg føre innan 01.05.2022, ville kommunen starte opp att ulovlegheitsoppfølginga.

Kommunen har ikkje motteke forslag til reguleringsplan eller annan dokumentasjon som viser at forholdet er lovleggjort. I brev av 04.07.2023 tok kommunen derfor opp att saka, og varsla på nytt krav om fjerning av dei ulovlege avløpsanlegga. Det vart sett frist til 01.09.2023 for å fjerne anlegga og sende inn dokumentasjon på at dette var utført.

I 2025 har Runar Olsen sendt fleire søknader om godkjenning av tett tank og tømning. Kommunen svarte 19.09.2025 at ein held fast ved tidlegare vurdering. Kommunen viste til at avløpsanlegget er oppført utan nødvendig reguleringsplan, utsleppsløyve og byggjeløyve. Det vart sett frist til 01.12.2025 for å sende inn dokumentasjon på at anlegget er fjerna, og kommunen varsla at ein elles vil vurdere tvangsmulkt, fjerning for eigar si rekning og politimelding.

Runar Olsen har klaga på vedtaket/svaret av 19.09.2025. Klagen vart først sendt direkte til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren sende klagen vidare til Fyresdal kommune, då klage etter forvaltningslova skal sendast til det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket.

Klagar meiner i hovudsak at tett tank er den mest miljøvenlege løysinga, at det ikkje er kommunal vatn- og avløpstilknytning i området, og at kommunen bør godkjenne tett tank med grunnlag i nye miljøkrav og EU sitt reviderte avløpsdirektiv. Klagar meiner også at kommunen byggjer på ein gammal og utdatert reguleringsplan/disposisjonsplan, og at kommunen bør leggje til rette for oppdatert reguleringsplan for området.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Kommunen skal ved klagehandsaming vurdere om klagen gir grunnlag for å endre eller oppheve tidlegare vedtak. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje, skal saka sendast til Statsforvaltaren for endeleg klagehandsaming.

Det sentrale spørsmålet i saka er om avløpsanlegget/tette tankar på gbnr. 43/49 og 43/50 er lovleg etablert, og om klagen gir grunnlag for å endre kommunen si vurdering.

Kommunedirektøren vurderer at klagen ikkje inneheld nye opplysningar som endrar det rettslege eller faktiske grunnlaget i saka.

Kommunen har over fleire år lagt til grunn at avløpsanlegget er etablert utan nødvendig planavklaring, byggjeløyve og utsleppsløyve. Dette vart teke opp i 2017, følgt opp i 2021, og deretter teke opp att i 2023 etter at det ikkje vart fremja reguleringsplanforslag.

Klagar viser til at tett tank etter hans syn er ei god miljøløysing, særleg samanlikna med utedo. Kommunedirektøren meiner at dette ikkje er avgjerande for utfallet av saka. Spørsmålet er ikkje om tett tank generelt kan vere ei mogleg avløpsløysing. Tett tank kan vere ei aktuell løysing i enkelte tilfelle, dersom tiltaket er i samsvar med gjeldande plan og nødvendige løyve etter plan- og bygningslova og forureiningsregelverket er på plass.

I denne saka er problemet at anlegget er etablert utan slike nødvendige avklaringar og løyve. At anlegget etter klagar sitt syn ikkje har utslepp, endrar ikkje at tiltaket er søknadspliktig og må vurderast etter gjeldande regelverk før etablering.

Klagar viser og til EU sitt reviderte avløpsdirektiv. Kommunedirektøren vurderer at direktivet ikkje gir klagar ein sjølvstendig rett til å få godkjent eit allereie etablert avløpsanlegg som manglar nødvendige løyve etter norsk regelverk. Eventuelle nye krav eller føringar gjennom EØS-retten må gjennomførast og praktiserast innanfor nasjonalt regelverk. Direktivet opphevar ikkje krav til planavklaring, byggjeløyve eller utsleppsløyve.

Klagar meiner vidare at kommunen byggjer på ein gammal plan/disposisjonsplan, og at kommunen burde utarbeide ny reguleringsplan. Kommunedirektøren vurderer at dette ikkje gir grunnlag for å godkjenne eit tiltak som allereie er etablert utan nødvendige løyve. Dersom det er ønskje om å endre bruken eller standarden i hyttefeltet, må dette skje gjennom ordinær planprosess. Kommunen opna i 2021 for at ulovlegheitsoppfølginga kunne stansast mellombels i påvente av slik reguleringsplanprosess, men kommunen har ikkje motteke reguleringsplanforslag innan fristen som vart sett.

Kommunedirektøren vurderer derfor at kommunen har hatt sakleg grunn til å ta opp att ulovlegheitsoppfølginga.

Når det gjeld klagar sitt syn om at tett tank er betre for miljøet enn utedo, er dette eit moment som eventuelt kan vurderast i ein framtidig plan- eller søknadsprosess. Det gir likevel ikkje grunnlag for å godkjenne det konkrete anlegget i ettertid, når nødvendige løyve ikkje ligg føre.

Kommunedirektøren vurderer etter dette at vedtaket/svaret av 19.09.2025 bør oppretthaldast. Klagen bør ikkje takast til følgje, og saka bør sendast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg klagehandsaming.

Konklusjon:

Kommunedirektøren finn ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje.

Avløpsanlegget/tette tankar på gbnr. 43/49 og 43/50 er ikkje dokumentert lovleg etablert. Det ligg ikkje føre reguleringsplanendring, byggjeløyve eller utsleppsløyve som gir grunnlag for å godkjenne tiltaket.

Klagen inneheld ikkje nye faktiske eller rettslege opplysningar som endrar kommunen si tidlegare vurdering. Klagar sine merknader om miljøomsyn, tett tank som mogleg avløpsløysing og EU sitt reviderte avløpsdirektiv gir ikkje grunnlag for å godkjenne eit allereie etablert tiltak som manglar nødvendige løyve.

Saka blir derfor sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg klagehandsaming.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet som klagenemnd tek ikkje klagen frå Runar Olsen til følgje.

Formannskapet som klagenemnd viser til at avløpsanlegget/tette septiktankar på gbnr. 43/49 og 43/50 er etablert utan nødvendig planavklaring, byggjeløyve og utsleppsløyve.

Formannskapet som klagenemnd kan ikkje sjå at klagen inneheld nye faktiske eller rettslege opplysningar som gir grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak/svar av 19.09.2025 i sak 2021/1548-16.

Formannskapet som klagenemnd legg til grunn at EU sitt reviderte avløpsdirektiv ikkje gir klagar ein sjølvstendig rett til å få godkjent eit allereie etablert avløpsanlegg som manglar nødvendige løyve etter norsk regelverk og gjeldande planstatus.

Saka blir sendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg klagehandsaming.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk